

Ein leksjon i stemmekontroll

Det norske solistkor er ikkje som andre kor. Det fekk ein både høyra og sjå på konserten i Norheimsund kyrkje søndag.

Allereie i det fyrste innslaget fekk publikum ein forsmak på nivået. Geirr Tveitts *Ve no velkomne med æra* baud på klang, intonasjon og presisjon i særklasse. Som namnet tilseier er dette eit kor av solistar som også leverer homogen klang. Variasjonen i oppstilling og formasjon på "scena" imponerte.

Publikum i det fullsette kyrkjerommet i Norheimsund fekk høyra kjende og ukjende verk, nokre til dels svært krevjande for både koristar og publikum.

Etter Knut Nysteds versjon av *Jesus din søte forening å smake*, var det duka for ei annleis koroppleving: *Cries of London* av Luciano Berio og *Nuits, Adieux* av Kaija Saariaho var begge av det utfordrande slaget. Takk vera god forklaring fekk publikum eit innblikk i tankane bak "ropa" frå Londons gater og "adjø".

Solistane framførde vokale detaljar ein truleg ikkje har høyrtdet maken til i Norheimsund kyrkje. Til tider vanskeleg tilgjengeleg musikk, men samstundes ei oppleving og ein leksjon i stemmekontroll og individuell intonasjon. Det er ikkje kvardagskost å oppleva eit kor der kvar einskild songar har eigen stemmegaffel.

Konserten søndag var også



Stemmeprakt: Songarane i Det norske solistkor framførde både romantiske klassikarar og samtidsmusikk i kyrkja.

eksamenskonsert for gjestedirigenten Elitsa Simonska, som tek mastergrad i kordireksjon på musikkhøgskulen i Oslo. I salen sat korets kunstnarlege leiar, professor Grete Pedersen, og fyrsteamanuensis Per Sigmund Thorp som sensorar. Mykje tyder på at dirigenten hadde god kontroll på

framføringa og sin eigen diplom-eksamen.

Etter den krevjande avdelinga flytta koret seg over i eit meir melodiosøt farvatn med *Ubrudt Foraar* av den danske komponisten Per Nørgård. Deretter var koret attende der det starta, med ein folketone, denne gongen av Edvard

Grieg. Så følgde eit nytt meisterverk av Grieg, *Våren*, nydeleg framført av dei 17 songarane.

Avslutningsnummeret, *Ich bin der Welt abhanden gekommen*, av Gustav Mahler, sette eit verdig punktum for ein variert konsert med stor spennvidd.

Men publikum ville ha meir.

Etter trampeklapp kvitterte koret med *Du skal ikkje sova burt som marnatta*, og ein bruremarsj.

Stundom byd korkonsertar på positive musikalske overraskingar.

Lars Arvid Oma